



Gunn Mari Moberg (til høgre) held fram som leiar i Kvinnherad Høgre. Til venstre for henne på årsmøtet måndag kveld sit Øyvind Utne og Linda Sundal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Gunn Mari Moberg frå Uskedalen tok attval og vart klappa inn i det tredje året sitt som leiar av Kvinnherad Høgre då partiet hadde årsmøtet sitt i Samfunnshuset på Halsnøy måndag kveld.**

Ho vart karakterisert som ein god leiar av leiar i valnemda Steinar Kroka frå Uskedalen.

Det som skjedde under eit fredeleg og gemyttleg årsmøte tyder på at partiet har lagt turbulensen bak seg. Gruppeleiar Arne Havnerås gav uttrykk for at geografi har vore eit ikkje-tema etter valet og at medlemmer frå Fjellberg til Mauranger legg stort engasjement for dagen.

Han hadde ellers gjort den erfaring at det er meir strevsamt men likevel nyttig å vera i opposisjon enn i posisjon. Det har vore eit godt samarbeid med TS og Frp, medan samarbeidet med KrF har vore vanskelegare. Innan Høgregruppa har samarbeidet vore svært bra.

Om situasjonen i kommunen sa Havnerås at ein litt for god økonomi har gjeve eit enormt høgt aktivitetsnivå som resultat og at det no er viktig å gjera dei rette investeringane.

Om arbeidet på fylkesplanet, som han karakteriserte som kjekt, sa Havnerås at det er ein svært positiv driv i samarbeidet med KrF og Frp. Han streka under at det er spara store summar gjennom konkurranse-utsettinga av transport. Hordaland har den lågaste takst-auken i landet.

Til hausten kjem småkraftverk-planen. Alle vil no byggja småkraftverk og kven som skal ta seg av linjennettet blir eit stort problem.

Sett gjennom lokale brillar var Havnerås glad for at det lukkast å få snudd saka om bygging av kårustad på Musland i Uskedalen.

Leif Sverre Enes har vore medlem av Boland-utvalet og sa at saka om endring av skulestrukturen no er 'attente på null'. Han vart rost av leiar Moberg som gav uttrykk for at Enes her hadde vore rett mann på rett plass.

Ein viktig erfaring er at det ikkje er pengar å spare på skule-nedleggjing.

- Vi har stått på for å visa at det ikkje er dei store pengane å spare sett opp mot kva skulen har å bety for eit bygdesamfunn i dag, skreiv Havnerås i rapporten sin frå kommunestyregruppa.

- Eg trur at Høgre har løfta seg på denne saka og at mange har kome til at dei stemte feil, sa Enes.

Av Ola Matti Mathisen



Steinar Kroka frå Uskedalen var leiar av valnemda. (Foto: Ola Matti Mathisen)